

## Landbrukskontoret saksbehandlingsverktøy utanfor Acos og datafangst.

Hei, eg skal prøve å lage ein oversikt over kva vi har av verktøy for saksbehandling utanfor Acos Fokus og kva vi gjer for å fange data.

Landbruksdirektoratet har mange ordningar med eigne søknadsskjema, rutinar og tenester. Dei tyngste her er produksjonstilskot (PT), regionalt miljøprogram (RMP), organisert beitebruk (OBB), skogfond og ØKS.

Landbruksdirektoratet  
Eiendomsforvaltning

Skriftstørrelse | Høykontrast

Logg ut

Mine tjenester

### Elektroniske tjenester

Elf	<h2>Tjenesteportalen</h2> <p>Velkommen til Landbruksdirektoratet sin tjenesteportal for saksbehandlere i landbruksforvaltningen</p> <p><b>Mine tjenester</b> viser oversikt over hvilke tjenester du har tilgang til.</p> <p><b>Nettleserkompatibilitet</b> - utvalget av nettlesere er stort og det vil en være umulig oppgave å sørge for at samtlige fagsystem er kompatible med enhver nettleser. Vi har tatt utgangspunkt i de tre til fire mest brukte nettleserne i Norge (StatCounter) og på våre nettsider. Følgende nettlesere er testet:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Internet Explorer</li><li>• Safari</li><li>• Firefox</li><li>• Chrome</li></ul> <p>Systemene er i varierende grad kompatible med nevnte nettlesere. Testen er oppsummert i filen System og nettleserkompatibilitet i menyen til høyre. Systemene er testet 2015 / 2016.</p>	<h3>Nettleserkompatibilitet</h3> <p><a href="#">System og nettleserkompatibilitet</a></p>
eStil - PT		
eStil - RMP og OBB		
Leveransedatabasen		
Lib		
Lreg		
Lreg-tjenester		
Melk		
Produksjonstilskudd (Wespa)		
Rob		
Skogfondssystem		
Soner - distriktstilskudd		
Øks		

**Elf:** Erstatningsordningane i landbruket – her kjem søknader om erstatning (avlingsvikt - klimabetingete skader m.a.). Søknadene vert behandla elektronisk i systemet. Søknaden vert registrert i Acos.

**eStil-PT:** Produksjonstilskot (PT), tilskot til avløyning ved ferie og fritid, distriktstilskot frukt, bær mv. Erstattar WESPA. Søknadene vert behandla elektronisk i systemet. Ikkje godkjend som arkivsystem.

For **Produksjonstilskudd (WESPA)** sin del har søkjarliste, feilliste og trekkliste vore ført i Acos. Ved klage har søknaden med klagebehandling vore ført i Acos. Systemet fasast ut no frå mai 2017. Utbetalingslistene har ikkje vore ført.

No med eStil-PT skal det sendast ut pakka filer frå systemet som kan lagrast i kommunen sitt sakbehandlingssystem.

**eStil – RMP og OBB:** Regionalt miljøtilskot (RMP) og tilskot til drift av beitelag (OBB). Søknader behandlast elektronisk.

RMP: Har registrert søkjarlister i Acos. Ved klage har søknad med klagebehandling vore registrert i Acos.

OBB: Har registrert papirsøknader, samt oversendingsbrev i Acos.

**Leveransedatabase, Lib, Melk, Soner - distriktstilskudd:** Oppslagsverk, ikkje saksbehandling. Lib (landbruksforvaltningens informasjonsbase).

**Lreg:** Landbruksregisteret skal vere:

1. Registerkjerne for effektiv tilskotsforvaltning og administrasjon.
2. Registerkjerne for informasjon om ressursgrunnlag, miljø, landskap og næringsverksemd innan landbruket.

Kommunane kan gjere endringar her kva gjeld areal og føretak som er knytt til landbrukseigedom. Elles hentast data frå mange kjelder (folkeregister, matrikkelen, leveranseregister osv.) Endringar her vert ikkje registeret i Acos.

**Lreg-tenester:** Mellom anna for å endre kontonummer. Vert ikkje registrert i Acos.

**Rob:** Rapportar og Brev knytt til produksjonstilskot og avløysartilskot. Meir eit oppslagsverk.

**Skogfondsystem:** Webskas. Verktøy som gjev skogeigar og kommune tilgang til skogfondskonto og kommune/fylkesmann saksbehandlingsverktøy for søknader. Søknad, oversendingsbrev og meldingsbrev frå FM om tilskot til veg, driftstilskot og planting vert registrert i Acos. Inn- og utbetaling berre inne i systemet (ØKS).

**Øks:** Rekneskaps-, anvisnings- og statistikkssystem for skogfond og tilskotsordningane i skogbruket.

**Sjukdomsavløsning, SMIL, nydyrking m.fl.:** Eige søknadsskjema, og innsending til FM for utbetaling. Alt blir ført i Acos.

**Hjorteviltregisteret:**

Sett hjort, vald- og feltansvarleg, skutte dyr: Registrert i Hjorteviltregisteret. Ikkje i acos. Fallvilt – registrerast og rapporterast gjennom Hjorteviltregisteret. Rapportskjema for ettersøk ligg i Acos. Reiserekninga i Visma.

**Innovasjon Norge**

Kommunen er førstelineteneste. Eige saksbehandlingsportal der søknadene kjem inn og vi saksbehandlar. Får e-poster til postmottak som seier kva som skjer. Registrerer e-postane, søknad med vedlegg i Acos.

**AR5 – NIBIO:**

Gardskart; kommunen sender inn ajourføring kontinuerlig (1-2 gonger per år). Manuskart frå synfaringar registrerast i GisLine, sendast inn til NIBIO (tidlegare Skog og landskap). Kvalitetssikrar kart, data til Landbruksdirektoratet og nytte data inn i landbruksregisteret. Ikkje registrert i acos.